



2017

Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority

Norske pengespel **2017** Gaming in Norway



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Innhald

Føreord.....	4
1. Samandrag.....	5
2. Endring i omsetning	13
3. Norsk Tipping AS	15
4. Norsk Rikstoto.....	24
5. Digitale plattformer.....	27
6. Bingo.....	29
7. Andre lotteri	33
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn.....	36
9. English summary.....	37
10. Vedlegg.....	40

Nettoomsetninga var stabil gjennom 2017, men formåla har hatt auka inntekter

Totalt satsa nordmenn 43,7 milliardar på regulerte norske pengespel i løpet av 2017. Dette var 7 % meir enn året før. Auken kom først og fremst på Norsk Tipping sine interaktive online-spel som omfattar kasino, bingo og skrapespel. Totalt sett har desse spela høg gevinstprosent, og dermed har dette medverka til at netto omsetninga i heile spelemarkanden (etter gevinstutbetaling) berre auka med 1 % gjennom 2017.

Etter gevinstutbetalingar blei det lagt igjen 10,3 milliardar på dei regulerte pengespela i 2017. Det er desse midlane som blir fordelt mellom aktørane i marknaden og formåla som mottok inntekter frå spel. I 2017 mottok formåla 6,2 milliardar av netto omsetninga. Formåla har fått 406 millionar meir i 2017 enn i 2016. Dette utgjør ein vekst på 7 % og det er hovudsakleg Norsk Tipping som bidreg til denne auken.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 8 276 kroner på regulerte pengespel i 2017, ein auke på 501 kroner samanlikna med året før. Når vi trekker ifrå gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 946 kroner, noko som berre er 9 kroner meir enn året før. Det som er lagt igjen etter gevinstutbetaling utgjør 0,7 prosent av husstanden si disponible inntekt.

Norsk Tipping har auke i si omsetning gjennom 2017. Dette skuldast mellom anna auke i omsetning for dei interaktive online-spela, Belago, Eurojackpot og Nabolaget. Norsk Rikstoto har hatt stabil omsetning samanlikna med året før. For private spel og lotteri er omsetninga litt redusert for bingospel og spel på skip, medan lotteria har hatt ein liten auke i netto omsetning.

Førde, desember 2018



*Gunn Merete Paulsen
direktør*

Samandrag

I 2017 vart det omsett for 43,7 milliardar kroner i den norske spel- og lotterimarknaden. Av dette gjekk 33,4 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,3 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2017

År 2017	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for)	43 671	4 682
Gevinst	33 401	3 581
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 270	1 101

År 2017	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ²	8 276	887	1 946	209
Per innbyggjar 18 år og eldre	10 531	1 129	2 477	266
Per husstand ³	18 124	1 943	4 262	457
Prosent av disponibel inntekt ⁴	3,09 %		0,73 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 8 276 kroner i 2017.

Dette er 501 kroner meir enn i 2016 då satsa beløp per innbyggjar var på 7 775 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2017 ha lagt igjen 1 946 kroner. Av husstanden sine disponible

inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 9 kroner meir enn i 2016 (kr 1 937).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen heng saman med at det vert spelt meir på spel med høg gevinstprosent.

1 Middelkurs 2017 frå Norges Bank 9,3271


2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2017 og 1/1-2018.

3 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,19 (SSB).

4 SSB: Disponibel inntekt 2017: 1 414 366 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2017

Den norske pengespelmarknaden – brutto omsetning 2017, totalt 43 671 millionar kroner



I 2017 spelte nordmenn for 43,7 milliardar kroner. Det vart satsa 34,9 milliardar på Norsk Tipping sine spel, av dette 9,6 milliardar⁵ på Multix- og Belago-spel og 10,9 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for nær 3,9 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 3,9 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og i overkant av 3,7 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk⁶ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 118 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier⁷ som hadde størst omsetning med 292 millionar.

I NM i poker utgjorde deltakaravgifta 17 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri⁸ estimerer vi omsetninga til 140 millionar kroner.

I 2017 vart det spelt for 557 millionar kroner på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

I 2016 var samla brutto omsetning 40,7 milliardar kroner.


5 6 204 millionar kr på Multix og 3 411 millionar på Belago.

6 Databingo.

7 Her inngår Pantelotteriet og Unicef sitt lotteri.

8 Mindre lotteri, såkalla basasar, er ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden 2017, marknadsdelar av brutto omsetning



Totalt 43,7 mrd. kr

Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 89 prosent av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2017

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	34 916	27 081	7 835	78 %
Norsk Rikstoto	3 894	2 652	1 242	68 %
Bingo med entreprenør	3 737	3 011	726	81 %
Bingo utan entreprenør	118	67	51	57 %
Landslotteri	292	62	230	21 %
Poker NM	17	14	3	85 %
Lokale/regionale lotteri*	140	30	110	21 %
Spel på skip	557	483	74	87 %
Totalt	43 671	33 401	10 270	76 %

*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 33,4 milliardar kroner av innsatsen på 43,7 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (87 %), Poker-NM (85 %), entreprenørbingo (81 %) og Norsk Tipping (78 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2017

Den norske pengespelmarknaden 2017, marknadssdelar av netto omsetning



Totalt 10,3 mrd. kr

Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden i 2017.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2017

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	7 835	5 251	67 %	2 584	33 %
Norsk Rikstoto	1 242	575	46 %	667	54 %
Bingo med entreprenør	726	175	24 %	551	76 %
Bingo utan entreprenør	51	39	76 %	12	24 %
Landslotteri	230	98	42 %	133	58 %
Poker-NM	3	0,9	33 %	1,7	67 %
Lokale/regionale lotteri *	110	90	82 %	20	18 %
Spel på skip	74	15	20 %	59	80 %
Totalt	10 270	6 243	61 %	4 027	39 %

*) Estimerte beløp

I overkant av 6,2 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (5,25 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (67 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 575 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 175 millionar, eller 24 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utlandsk hamn fekk formåla 15 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

Den norske pengespelmarknaden 2017, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Totalt 6,2 mrd. kr

Dei administrative kostnadene var 278 millionar mindre i 2017 enn dei var i 2016. Samstundes auka nettoomsetninga med 127 millionar. Formåla har fått 406 millionar meir i 2017 enn i 2016 då formåla fekk 5 837 millionar kroner.

Administrative kostnader⁹ i 2017 utgjorde 4,0 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,58 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (33 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,67 mrd.) og entreprenørbingo (0,55 mrd.).

⁹ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2017 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	7 835	820	10 %
Norsk Rikstoto	1 242	141	11 %
Totalt	9 077	961	11 %

Frå spela her gjekk det 961 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 11 % av netto omsetning. I 2016 utgjorde beløpet 1 046 millionar kroner og utgjorde då 12 % av netto omsetning.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter – 2017	Mill. kr	Prosent	
Idrett	3 234	52 %	*
Kultur (tippenøkkel)	794	13 %	
Musikk/kultur/fritid	209	3 %	*
Hest/hestesport	575	9 %	
Helse	592	9 %	
Humanitær	583	9 %	*
Diverse	84	1 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	158	2,5 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd	15	0,2 %	
Totalt	6 243	100 %	

**) I tillegg får formåla delar av 158 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,5 %).*

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkel tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar samt helse- og rehabiliteringsformål.

Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkel og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir

betalt ut på fleire måtar. Det meste blir betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001 og ein anna del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkel.

Idrett (3 234 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelene med 2 825 mill., 266 millionar frå grasrotordninga, 86 mill. frå entreprenørbingo, 32 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 11 millionar frå spel på skip og 12 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 2 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 003 millionar *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 794 millionar blei fordelt over tippenøkkelene.

I tillegg er 209 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 110 mill., entreprenørbingo 41 mill., inntekt frå Belago med 16 millionar, spel på skip 2 mill., landslotteri 4 mill. og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad¹⁰ 36 mill. Dette er frie midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (575 millionar)

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (592 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeninga, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund og ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Extrastiftelsen fekk 302 millionar frå Norsk Tipping via tippenøkkelene og i tillegg fekk helseorganisasjonar 126 millionar. Vidare kom det 28 mill. frå landslotteri, 36 mill. frå entreprenørbingo, 13 millionar frå Belago, 24 millionar frå grasrotordninga (NT), 61 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av søknad¹¹, nærare 0,9 million frå Poker-NM og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær 583 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Rednings-selskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 446 millionar, landslotteri med 48 mill., entreprenørbingo med 6 millionar og 2 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 6 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 74 millionar (NT)¹² fordelt etter søknad og 0,5 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (84 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (6 mill.), 2 millionar frå Belago, landslotteri (5 mill.), grasrotmidlar (NT) (20 mill.), spel på skip (1 mill.) og 49 millionar (NT)¹³ på grunnlag av søknad.

Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (15 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (158 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (39 mill.), lokale/regionale lotteri (90 mill.) og grasrotmidlar (29 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 27 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.


10 Her blei 13 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 22 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

11 Her blei 18 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 43 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

12 Her blei 10 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 65 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

13 Her blei 5 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 44 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

Den norske pengespelmarknaden år 2017, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 6,2 mrd. kr

Endring frå år 2016

I 2017 fekk formåla tilført 406 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2016	2017	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	3 013	3 234	221	7 %
Kultur	731	794	64	9 %
Musikk/kultur/fritid	212	209	-3	- 2 %
Hest/hestesport	557	575	18	3 %
Helse	577	592	15	3 %
Humanitær	531	583	52	10 %
Diverse	47	84	37	79 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	166	158	-7	-5 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit ¹⁴	6	15	9	150 %
Totalt	5 838	6 243	406	7 %

14 Tiltak i handlingsplan mot speleproblem blir årleg finansiert med 15 millionar kroner. I ein 10 års-periode var det opparbeidd nok ubrukte midlar til at det i 2016 ikkje var behov for meir enn 6 millionar frå NT sitt overskot.

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning (spelt for)	26 838	28 660	30 915	35 852	38 490	40 709	43 671	7 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	8 907	9 067	9 012	9 288	9 752	10 143	10 270	1 %

Omsetninga er auka med 7 % for brutto og 1 % for netto.

Norsk Tipping ¹⁵ Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning	16 214	19 245	21 641	26 911	29 742	32 029	34 916	9 %
Netto omsetning	5 807	6 302	6 361	6 727	7 234	7 680	7 835	2 %

Brutto omsetning i 2017 auka med 9 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 2 %.

Norsk Rikstoto Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning	3 813	3 879	3 775	3 649	3 728	3 881	3 894	0,3 %
Netto omsetning	1 256	1 267	1 224	1 183	1 199	1 244	1 242	-0,2 %

Norsk Rikstoto si omsetning i 2017 er stort sett stabil samanlikna med 2016.

Entreprenørbingo Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning	5 812	4 538	4 502	4 332	4 078	3 836	3 737	-3 %
Netto omsetning	1 346	1 016	957	925	868	757	726	-4 %

Omsetning i entreprenørbingo er redusert gjennom 2017, og 4 % for netto omsetning.

Landslotteri Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning	291	292	288	272	269	283	292	3 %
Netto omsetning	251	241	236	222	219	225	230	3 %

Landslotterier, inklusiv Pantelotteriet og Unicef-lotteriet har totalt hatt ein auke på 3 %.

¹⁵ Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelportefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal frå 2011 til og med 2015.

Andre spel/lotteri

Poker-NM

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017
Brutto omsetning	16	19	17
Netto omsetning	2	3	3

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. Deltakaravgift i 2017 vart totalt 17,0 millionar kroner. Dette utgjer ein reduksjon på 9 % frå 2016.

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tall i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal løyve:	380	350	340	260	250	250	240
Lotteritilsynet omsetning ¹⁶ : (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	160	145	140	115	116	116	118

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein liten reduksjon i tal på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. Omsetninga har likevel vore stabil.

Lokale / regionale lotteri	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal meldingar motteke	2 540	2 350	2 210	2 250	2 300	2 380	2 600
Tal løyve gitt:	80	80	70	70	60	60	68
Estimert omsetning ¹⁷ : (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	130	130	110	120	130	150	140

Frå tal meldingar, løyve og rekneskap har vi estimert ein liten reduksjon i omsetning for 2017. Vi har likevel registrert fleire lotteri enn tidlegare.

Spel på skip Tal i millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2016–2017
Brutto omsetning	413	431	459	453	412	395	557	
Netto omsetning	85	86	90	87	80	77	74	- 5 %

Netto omsetning vart redusert med 5 % samanlikna med 2016. Brutto omsetning i 2017 er rapportert høgare enn tidlegare. Auken er ikkje reell, men skuldast at omsetning på speleautomatane i 2017 vart rapportert med verdien av alle spel, også dei som vart spelt med


gevinstar før gevinstane var betalt ut. Til og med 2016 var automatomsetninga rapport med pengar som var putta på automatane. Bruttotallet for 2017 er dermed ikkje samanliknbart med tidlegare år.

¹⁶ Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.

¹⁷ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var nær 35 milliardar kroner i 2017.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2017, total 34 916 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	10 000	29 %
Sportsspel:	Tipping	528	2 %
	Odds ¹⁸	1 619	5 %
	Liveodds ¹⁹	1 135	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 121	3 %
Terminalspel:	Multix og Belago	9 615	28 %
Instaspill:	Flax, Bingoria og KongKasino	10 899	31 %
Total brutto omsetning		34 916	100 %

¹⁸ Her inngår Langoddsen og Oddsbomben.

¹⁹ Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminal- spel (Multix og Belago) ²⁰	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	10 000	3 282	1 121	9 615	10 899	34 916
Totalt til gevinst	5 015	2 397	620	8 869	10 180	27 081
Total netto omsetning	4 984	884	501	746	719	7 835
Gevinstprosent	50 %	73 %	55 %	92 %	93 %	78 %

Totalt gjekk 78 prosent tilbake til spelar som gevinst. 22 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 55 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 73 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (83 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 72 prosent²¹. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 92 prosent og Instaspill med 93 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 653 den 31. desember 2017.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 17 837 millionar kroner. 2 618 mill. vart satsa på sportsspel og 4 321 mill. på talspel (som Lotto og Extra). På Instaspill der det berre kan spelast over Internett og mobil blei det satsa totalt 10 899 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 7 464 mill.²² på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 9 615 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

²⁰ Multix: Brutto 6 204 mill og netto 483 mill. Belago: Brutto 3 411 mill og netto 263 mill.

²¹ Langoddsen 73 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

²² Av dette utgjer *Spill i kasse* 413 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 7 835 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	5 251	67 %
Til Norsk Tipping AS	1 764	23 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	820	10 %
Sum = netto omsetning	7 835	100 %

Til formåla gjekk det 5 251 millionar kroner eller 67 prosent av netto omsetning. I 2016 var prosenten til formål 63, som då utgjorde 4 852 millionar.

455 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 15 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåttferd.

Frå 2017-overskotet vart 4 715 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 66 mill. frå Belago-terminalene som formålsinntekt i bingo og

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2017 blir utbetalt til formål i 2018.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 764
NT sine samla netto kostnader ²³	1 764
Midlar som er haldne tilbake i NT	0

Fordeling til overskotsformål – Tippetnøkkelen²⁴

Frå fordeling frå 2017-overskotet gjekk 2 824,8 millionar kroner til idrettsformål. 794,4 mill. til kulturformål²⁵ og 794,5 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. 302 millionar kroner gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (ExtraStiftelsen).

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 285 mill., *Kulturbygg* 52 mill. og *Frifondordningen* 199 mill.

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under²⁶.

23 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

24 Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2018-2019) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 139 til 145.

25 I tillegg er Kulturdepartementet gitt fullmakt til å disponere opptente renter av inneståande midlar til kulturformål og til å omfordele ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år.


26 Pressemelding frå Kulturdepartementet 4. mai 2018, beløp er avrunda

Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 565,7
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	710,9
Tilskot til lokale lag og foreiningar	367,0
Spesielle aktivitetar	116,2
Forskings- og utviklingsarbeid	30,8
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	34,2
Totalt	2 824,8

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 55 % og 25 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2017



Totalt 2 825 mill. kr

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 794,5 millionar²⁷.

Det meste (620,7 millionar) vart betalt ut som kompensasjon til organisasjonar som hadde automatinntekter

i 2001. Overgangsordninga for organisasjonar med automatinntekter i 2001 gjeld ut 2018. Det resterande (173,8 millionar) vart betalt ut i ei ordning til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

²⁷ Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2018-2019) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 144.

Til organisasjonar med automatinntekt i 2001	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2017 (mill. kr)
10 H	572,4
Andre organisasjonar	48,3
Totalt	620,7

Ti organisasjonar (som utgjør 10 H) fekk totalt utbetalt 572 millionar kroner. For fem humanitære organisasjonar utgjør dette i alt kroner 446 millionar. For fem helseorganisasjonar 126 millionar.

	Mill. kr		Mill. kr
Norges Røde Kors	251,1	Kreftforeningen	69,0
Redningsselskapet	154,9	Norges Handikapforbund	20,3
Norsk Folkehjelp	19,1	Norges Blindforbund	18,5
Redd Barna	11,1	Landsf. for hjerte og lungesyke	11,7
Flyktninghjelpen	9,9	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,8

346 andre lag og foreiningar som før hadde automatinntekter har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 48,3 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 29 færre søknadar²⁸ enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar:

	Tal foreiningar	Totalt tildelt (mill. kr)
Idrett	27	2,5
Helse	67	18,2
Musikk/kultur/fritid	192	13,2
Humanitær	38	9,7
Diverse	22	4,9
Total	346	48,3

28 Lotteritilsynet mottok 34 færre søknadar enn i 2016.

Utbetaling etter overgangsordning:

Organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001 kunne i 2018, for femte gong, søke midlar frå tippeskjelen (av 2017-overskotet). Totalt betalte Lotteritilsynet ut 173,8 millionar kroner etter eiga søknadsordning.

20 landsdekkande organisasjonar²⁹ har etter søknad fått tildelt midlar etter overgangsordninga i 2018.

	Tal foreiningar	Totalt tildelt (mill. kr)
Helse	12	43,0
Musikk/kultur/fritid	3	22,4
Humanitær	3	64,5
Diverse	2	43,0
Total ³¹	20	173,8

²⁹ Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2017 har det gått 455 millionar³⁰ til i overkant av 28 600 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blei satsa i spel i 2017 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til (frå

1. januar 2018 vart presentsatsen auka til 7). Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivilligregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2017-kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	266 117 328	8 471
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	41 775 223	5 759
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	38 244 243	5 531
Interesseorganisasjonar	Helse	23 963 415	2 432
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	16 769 241	855
Dyrevern	Diverse	15 624 905	113
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	15 340 173	1 340
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	13 479 858	2 070
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	6 480 133	442
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	4 553 143	232
Tros- og livssynsorganisasjonar	Diverse	3 178 090	487
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	2 743 671	175
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 778 986	116
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 622 377	186
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 197 223	9
Natur- og miljøvern	Diverse	781 939	166
Frivillighetssentralar	Musikk/kultur/fritid	760 736	86
Andre	Diverse	243 968	19
Politiske organisasjonar	Diverse	236 894	62
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	117 880	34
Forsking og utvikling	Diverse	50 034	7
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	44 720	5
Sjukehus og rehabilitering	Helse	40 419	5
Anna utdanning	Diverse	40 059	12
Juridisk rådgiving	Diverse	23 479	3
Yrkessamanslutningar	Diverse	14 343	11
Arbeidsopplæring	Diverse	10 833	1
Sjukeheimar	Helse	6 245	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	767	4
Total		455 240 327	28 635

30 På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2017	Mill. kr	Prosent
Idrett	266	58 %
Helse	24	5 %
Musikk/kultur/fritid	110	24 %
Humanitær	6	1 %
Diverse	20	4 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	29	6 %
Totalt	455	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 58 prosent, har i 2017 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som

her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2017 gjekk det frå desse terminalane 65,4 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av

netto omsetning på Belago-terminalane (25 % av 263 millionar i 2017). Beløpet blir betalt ut gjennom bingo-entreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder³¹ (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Mill. kr
Idrett	31,7
Helse	13,3
Musikk/kultur/fritid	15,9
Humanitær	2,5
Diverse	2,0
Totalt	65,4

ExtraStiftelsen

ExtraStiftelsen fekk 302 millionar frå tippespøkkelen og Norsk Tipping sitt overskot for 2017.

31 417 lag og foreiningar med totalt 8,1 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine ret-

ningslinjer. Frå speleoverskotet i 2017 delte stiftelsen ut 279,5 millionar fordelt på 1 002 prosjekt. Her inngår også Extrastiftelsen si ordning kalla *ExtraExpress*³², der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har motteke 12,2 millionar kroner. Fordelinga skjedde i 2018.

Fordeling til formål ³³	Mill. kr	Prosent
Helse	153,9	66 %
Forskning	79,9	34 %
Sum	233,7	100 %
ExtraExpress	12,2	
Adm. tilskot til mottakarorganisasjon	33,6	
Totalt	279,5	

Diagrammet under viser korleis prosjektmidlane som stiftelsen delte ut frå 2017-overskotet til helse og forskning fordeler seg på helseområde.

Prosjektmidlar frå Extrastiftelsen fordelt på helseområde



Totalt 234 mill. kr

32 ExtraExpress: Ei ordning for stiftelsen sine medlemsorganisasjonar der det kan tildelast opptil kr 30 000, per søknad. Det er to utlysingar per år.


33 Helse: Ordning som erstattar dei tidlegare førebyggings- og rehabiliteringsordningane. To utlysingar per år. Forsking: Ordning som tildeler midlar til forskingsprosjekt. Ei utlysing per år.

4.

Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,89 milliardar kroner i år 2017.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2017, totalt 3 894 millonar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 893,9	100 %
Totalt til gevinst	2 652,3	68 %
Total netto omsetning	1 241,6	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar har auke gjennom 2017, frå 1 576 (1. jan. 2017) til 1 670 (31. des. 2017).

I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

47 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde vel 3 prosent, medan Internett utgjorde 49 prosent. I 2016 utgjorde omsetninga over Internett 46 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	1 846,4	47,4 %
Baner	133,6	3,4 %
Internett/Mobil	1 913,9	49,2 %
Total	3 893,9	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 242 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	574,9	46 %
Avgift til staten	144,1	12 %
Til operatør (Rikstoto)	382,0	31 %
Til kommisjonær	140,6	11 %
Sum = netto omsetning	1 241,6	100 %

Til formåla gjekk det 575 millionar kroner eller 46 prosent av netto omsetning.

I 2016 var prosenten til formål 45, som då utgjorde 557 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
V75 og storløp-premiar	61,1
Transporttilskot	3,0
Norsk Hestesenter	30,5
Det Norske Travelskap	84,1
Norsk Jockeyklubb	26,2
Bidrag avskrivning finans	9,9
Provisjon driftsselskap (banene)	360,1
av dette drift løpsbaner ³⁴	181,9
av dette premiar til hesteeigarar ³⁵	178,2
Totalt	574,9

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

³⁴ Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.


³⁵ Her inngår 25,4 millionar i oppdrettspremiar.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det ein skilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den ein skilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2017



Totalt 575 mill. kr

Statsavgift

Avgift til staten var kroner 144,1 millionar i 2017. Dette utgjør 12 % av netto omsetning og 3,7 % av brutto omsetning.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 141 mill. eller 11 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	330,7
Andre inntekter	62,9
Samla kostnader	393,4
Årsresultat	0,2

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit knapt overskot på 0,2 million i 2017. I 2016 var overskotet 1,5 million.

Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. For dei fleste spel er det innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, og spela er då dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategoriane KongKasino, Bingoria og online skrapespel hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre spelast over Internett eller mobil.


Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkort eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Norsk Tipping lanserte i 2014 nye nettbaserte spel. Spela fell hovudsakleg inn i 3 ulike typar spel under felleskategorien Instaspill: KongKasino, eFlax (elektroniske skrapelodd) og Bingoria. Desse spela hadde i 2017 ei netto omsetning på 719 millionar kroner. Brutto omsetning for dei same spela var 10 899 millionar kroner.

På Internett og mobil hadde Instaspill dermed større bruttoomsetning enn dei andre spela til Norsk Tipping til saman. Totalt bruttoomsetning (satsa beløp) for Instaspill bidreg til den store veksten frå 2013 til 2017. Netto omsetning eller det som blir lagt igjen/tapt etter gevinstutbetaling har ikkje endra seg tilsvarande.

Digitale plattformer – brutto omsetning (mill. kr)	2013	2014	2015	2016	2017	Endring frå 2016	
Norsk Tipping	3 590	8 672	11 247	13 992	17 837	3 845	27 %
Norsk Rikstoto	1 372	1 446	1 587	1 803	1 914	111	6 %
Totalt	4 961	10 119	12 833	15 796	19 751	3 955	25 %

Brutto omsetning – spel på digitale plattformer 2008–2017, 19 751 millioner kroner i 2017



Dette var brutto omsetning på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2017³⁶ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2017.

Frå undersøkingane har 17,9 prosent av nordmenn over 18 år brukt Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2017 utgjorde dette 740 000 nordmenn over 18 år. 4,6 % spelte på utanlandske nettstader. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2017 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling la igjen mellom 1 800 og 2 200 millionar kroner på utanlandske nettstadar. Merk at dette beløpet er netto omsetning og ikkje kan samanliknast med tala i tabellen over som viser brutto omsetning i den regulerte marknaden.

36 Kvartalsvise målingar gjort i 2017 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 56 bingoentreprenørar som til saman dreiv 236 bingolokale per 31. desember 2017. Talet på entreprenørar er auka med ein og talet på lokale er auka med 10 sidan 2016.

Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2017

Brutto omsetning (sidespel er inkludert)	3 737 mill. kr
Gevinst	3 011 mill. kr
Netto omsetning	726 mill. kr
administrativ kostnad	551 mill. kr
overskot til formåla ³⁷	175 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	24 %
Gevinstprosent	81 %

Entreprenørbingo omsette for i overkant av 3,7 milliardar kroner i år 2017. Til lag og organisasjonar vart det overført 175 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 81 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 24 prosent.

Samanlikna med 2016 er omsetninga noko redusert. Brutto omsetning i 2016 var 3 836 millionar kroner, og netto omsetning var 757 millionar kroner.

Formåla har i 2017 fått noko mindre inntekt frå bingo enn i 2016. Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago der inntektene har auka litt. Totalt er formålas inntekter redusert med om lag 4 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminaler er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2017 fekk formåla 65 millionar kroner frå Belago, ein auke på 2 millionar kroner frå 2016.

37 Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2017

Tal i millionar kroner	Brutto- omsetn.	Gevinst	Gevinst- prosent	Netto- omsetn.	Til formål	% til formål av netto- omsetn.
Hovudspel	1 108	811	73 %	297	49	16 %
Sidespel:						
- databingo	2 628	2 199	84 %	429	126	30 %
- papirsidespel	0,6	0,4	64 %	0,2	0,1	30 %
Totalt	3 737	3 011	81 %	726	175	24 %

For hovudspel har netto omsetning hatt ein liten reduksjon frå 2016 då den var oppgitt til 307 millionar kroner. Netto omsetning for sidespel er redusert frå 450 millionar i 2016. Totalt sett er netto omsetning redusert med 31 millionar samanlikna med 2016.

81 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 84 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 175 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 72 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og nesten utelukkande i frå databingo (126 millionar kroner).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 279 lag og foreiningar i år 2017. Dette er ein auke på 31 lag samanlikna med 2016 då talet var 3 248 lag.

Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2017 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 65 millionar kroner.

Ved utgangen av 2017 var det utplassert 1 483 Belago-terminalar i 198 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 061 lag og foreiningar.


Med unntak av eit fåtal lokale stod det ved utgangen av året databingo-terminalar i nær alle bingohallane, og det var utplassert i overkant av 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter (hovud- og sidespel) ³⁸	Belagoinntekter ³⁹	Totalt	
	Mill. kr		Mill. kr	Prosent
Idrett	86	32	118	49 %
Helse	36	13	49	20 %
Musikk/kultur/fritid	41	16	57	24 %
Humanitær	6	2	8	3 %
Diverse	6	2	8	3 %
Totalt	175	65	240	100 %

38 417 lag og foreiningar med totalt 21,5 millionar i inntekt frå bingo er ikkje registrert med ICNPO kode eller har kode som omfattar fleire kategoriar, og desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

39 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

Inntekt til formåla i 2017 medrekna Belago, totalt 240 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 118 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk,

kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 49 og 57 millionar kroner.

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2017.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokal-fjernsyn.

I 2017 vart det gitt 178 løyve til vanleg foreiningsbingo og 63 løyve til radio- /TV-bingo.

Bingo utan entreprenør – nøkkeltal år 2017

(Tal i mill. kr)	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	58	60	118
Gevinst	39	28	67
Netto omsetning	19	32	51
administrativ kostnad	7	4	12
overskot til formål	12	27	39
Berekna del til formåla av netto omsetning	61 %	86 %	76 %
Gevinstprosent	67 %	47 %	57 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 118 millionar kroner i 2017, fordelt på høvesvis 58 millionar kroner for foreiningsbingo og 60 millionar for radio/TV-bingo. Total omsetning har auka frå 116 millionar i 2016. Det er Radio/TV-bingo som har auka frå ei omsetning på 56 millionar i 2016.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingo-løyve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2017 registrert om lag 2 700 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetnin-

ga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei mindre lokale eller regionale lotteria. I tillegg visast nøkkeltal frå Poker-NM.

Landslotteri inklusive Pantelotteriet og UNICEF-lotteriet⁴⁰

Landslotteri er landsdekkjande. For 2017 har vi fått innrapportert 36 lotteri inklusiv Pantelotteriet og UNICEF-lotteriet. I 2016 var talet 38.

Landslotteri – nøkkeltal år 2017

Loddsal	292 mill. kr ⁴¹
Gevinstkostnad	62 mill. kr
Netto omsetning	230 mill. kr
administrative kostnader	133 mill. kr
overskot til formåla	98 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	33 %
Formåla sin del av netto omsetning	42 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	21 %

Total omsetning var 292 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2017 var 62 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 133 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 98 millionar. Dette utgjorde 33 prosent av brutto – og 42 prosent av netto omsetning.

Samanlikna med 2016 er omsetninga i 2017 litt større og overskotet til formåla er auka frå 92 millionar. I 2016 utgjorde loddsalet 283 millionar.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemssal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

⁴⁰ UNICEF-lotteriet starta først medio 2017 og omsetninga var relativt liten. Omsetninga er medrekna her.

⁴¹ Eit lotteri har ikkje rapportert rekneskap for 2017. Lotteriet hadde ei øvre ramme på 1,75 million kroner.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ⁴²	Brutto oms. (mill. kr)	Overskot (mill. kr)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	18,3	12,1	6 %	12 %	66 %
Helse	95,2	28,3	33 %	29 %	30 %
Musikk, kultur og fritid	5,3	4,2	2 %	4 %	79 %
Humanitær	158,4	47,8	54 %	49 %	30 %
Diverse	15,0	5,4	5 %	6 %	36 %
Totalt	292,3	97,7	100 %	100 %	33 %

Helse- og humanitære organisasjonar har størst omsetning og totalt 87 prosent av heile marknaden.

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill. kr)	Adm. kostn. (mill. kr)	Overskot (mill. kr)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	16,8	4,8	12,1	28 %	72 %
Helse	81,7	53,4	28,3	65 %	35 %
Musikk, kultur og fritid	4,8	0,6	4,2	13 %	87 %
Humanitær	114,2	66,4	47,8	58 %	42 %
Diverse	12,8	7,4	5,4	58 %	42 %
Totalt	230,3	132,6	97,7	58 %	42 %

Administrative kostnader utgjorde 133 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Før 2016 blei eventuell provisjon til lokale lag av organisasjonen rekna som ein kostnad og ikkje som overskot til formål. Frå 2016 er dette endra slik at desse overføringane blir rekna med som inntekt til formål (overskot). Dermed blir ikkje tabellane over samanliknbar med tidlegare år (2015 og tidlegare). I 2017 hadde 18 lotteri slike overføringar som utgjorde 15 millionar kroner.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner i 2017 (2016 i parentes):

- Norges Røde Kors (Pantelotteriet) 114 mill. kr (100 mill. kr)
- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 55 mill. kr (52 mill. kr)
- Redningsselskapet 20 mill. kr (22 mill. kr)

42 Liste over organisasjonane i vedlegg.

Poker-NM

Norgesmeisterskapen i poker vart arrangert for tredje gong i Norge i 2017.

Poker-NM nøkkeltal år 2017

Brutto omsetning (deltakaravgift)	17,0 mill. kr
Gevinstkostnad	14,5 mill. kr
Netto omsetning	2,6 mill. kr
administrativ kostnad	1,7 mill. kr
overskot til formål	0,9 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	33 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	85 %

Det var Blodkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM.

Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 668 lokale og regionale lotteri i 2017.

2 600 var meldingslotteri og i tillegg har 68 lotteri fått løyve⁴³.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri – estimerte nøkkeltal år 2017

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	140 mill. kr
Gevinstkostnad	30 mill. kr
Netto omsetning	110 mill. kr
administrativ kostnad	20 mill. kr
overskot til formåla	90 mill. kr
Formåla sin del av brutto omsetning	64 %
Formåla sin del av netto omsetning	82 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	21 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

⁴³ Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

8.

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på

skipa er det to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2017 for 557 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, mens 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip – nøkkeltal 2017

Brutto omsetning ⁴⁴	
Automatar	503,3 mill kr
Spelebord	53,5 mill kr
Totalt	556,8 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	447,7 mill kr
Spelebord	35,2 mill kr
Totalt	482,9 mill kr
Total netto omsetning	73,9 mill. kr
administrativ kostnad	59,1 mill kr
overskot til formåla	14,8 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	87 %

15 millionar var fordelt til 61 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	11,2	76 %
Helse	0,1	1 %
Musikk/kultur/fritid	2,0	13 %
Humanitær	0,5	3 %
Diverse	1,0	7 %
Totalt	14,8	100 %

⁴⁴ Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetale. For spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.

In 2017 the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 43.7 billion. Out of this, the players collected NOK 33.4 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 10.3 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 40.7 billion in 2016.

Key figures in the gaming market in Norway

Year 2017	Million	
	NOK	EUR ⁴⁵
Gross turnover (total wagered)	43 671	4 682
Prizes	33 401	3 581
Net turnover (expenditure/loss)	10 270	1 101

Year 2017	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴⁶	8 276	887	1 946	209
Per capita, 18 years and older	10 531	1 129	2 477	266
Per household ⁴⁷	18 124	1 943	4 262	457
Percentage of disposable income ⁴⁸	3.09 %		0.73 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 8,276 in 2017.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,946. This amounts to 0.7 % of the disposable income per household.


⁴⁵ Average rate of exchange 2017 as determined by Norges Bank: 9.3271.

⁴⁶ Average population as determined by Statistics Norway.

⁴⁷ The average number of persons per household is 2.19. (Figures from Statistics Norway)

⁴⁸ Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,414,366 million.

The Norwegian gaming market - gross turnover (sales) in 2017, total NOK 43 671 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 34.9 billion (of this 9.6 billion on IVTs and 10.9 billion on interactive online games⁴⁹). Norwegians wagered NOK 3.89 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover close to NOK 3.9 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 3.7 billion. Also included here are side games (electronic⁵⁰ and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 118 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at NOK 292 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 140 million.

In 2017 the Norwegian championship in tournament poker (*Poker-NM*) took place in Norway for the third time. The total fee paid by the participants amounted to NOK 17 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 557 million in 2017⁵¹.

49 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 746 million, and NOK 719 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.

50 Bingo machines


51 For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gaming market 2017, market share of gross turnover (sales)



Total NOK 43.7 billion

The Norwegian gaming market 2017, market share of gross gaming revenue (GGR)



Total NOK 10.3 billion

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extrastiftelsen er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteritilsynet og vi har registrert tala i Lotteriregisteret. For landslotteri og større lotteri byggjer talmaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre lokale og regionale lotteri er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2017. I tillegg er tidlegare års statistikkar nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Vi har også brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til desse kategoriane.

Organisasjonar med inntekt frå overgangsordning, utbetalt kronebeløp i 2018

ADHD Norge	1 498 721
Barnekreftforeningen	2 800 979
Brystkreftforeningen	1 102 315
Cerebral Parese-foreningen	1 795 408
Den Norske Turistforening	11 517 494
Framtiden i våre hender	2 733 428
Frelsesarmeen	41 039 841
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	7 899 002
Landsforeningen Uventet Barnedød	1 026 041
Mental Helse	6 107 682
Mental Helse (omgjort etter klage)	6 855 192
Norges Astma og Allergiforbund	3 650 240
Norges Jeger og Fiskerforbund	9 554 401
Norges Livredningsselskap	1 160 303
Norges Parkinsonforbund	1 584 412
Norsk cøliakiforening	1 369 944
Norsk Epilepsiforbund	1 389 027
Norske Kvinners Sanitetsforening	5 966 353
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	36 361 142
Stiftelsen Livsglede for Eldre	1 315 411
Stiftelsen Norsk Luftambulans	27 023 670
Totalt	173 751 006

Landslotteri / Store lotteri 2017 – organisasjonane i dei ulike kategoriane:

Idrett	Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Skøyteforbund Norges Svømmeforbund (2 lotteri) Sportslotteriet ⁵² (2 lotteri)	Musikk, kultur og fritid	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
Helse	Diabetesforbundet Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen Uventet Barsedød MS- forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Handikapforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Revmatikerforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Psoriasis- og eksemforbundet Stoffskifteforbundet	Humanitær	Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Flyktninghjelpen Unicef
		Diverse	Den indre sjømannsmisjon IOGT i Norge MA – rusfri trafikk Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

52 Sportslotteriet omfattar lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

Berekning for lokale/regionale lotteri

For 2017 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri ⁵³	Lotteri med løyve ⁵⁴		
Brutto omsetning i snitt	kr 44 000	kr 430 000		
Samla gevinstprosent (kostnad)	20 %	38 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	57 %		
Tal meldingar/ løyve	2 600 ⁵⁵	68		
(beløp i mill. kroner)			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	115	29	145	140
Estimert gevinst	23	11	34	30
Estimert netto omsetning	92	18	110	110
Estimert overskot til formåla	74	17	90	90
Estimert brutto omsetning år 2017 *		140 mill. kr		
- Gevinst *		30 mill. kr		
= Netto omsetning		110 mill. kr		
administrativ kostnad		20 mill. kr		
= overskot *		90 mill. kr		
Formåla sin del av brutto omsetning		64 %		
Formåla sin del av netto omsetning		82 %		
Gevinstkostnad av brutto omsetning		21 %		

*) runda til næraste 10 mill. kr.

53 Gjennomsnittleg loddosal frå 360 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2017, kr 44 358,-. Gevinstprosent og prosent til formål er berekna på grunnlag av rapporterte tal i 2017 og tidlegare år.

54 Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 68 lotteri med løyve for 2017, kr 430 493,-

55 I data for meldingslotteri har organisasjonar totalt meldt inn 2 600 lotteri. Dette er eit avrunda tal etter vi har fjerna dubletter.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

postmottak@lottstift.no

lottstift.no

